

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
02.09.2024 23/57449- 18 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/24	Vestlandsrådet	10.09.2024

Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek at rådet skal styrke engasjementet for ferjefri E39, og sette dette høgt på dagsorden.

Vestlandsrådet gir Arbeidsutvalet mandat til å initiere og beslutte vidare satsingar, herunder:

- etablering av arbeidsgruppe
- bestemme eventuell konferanse, innhald, deltakarar og opplegg
- om behov kjøpe utredningar eksternt mht ringvirkningar og anna.

Bakgrunn

Etableringa av Vestlandsrådet var i si tid sterk tilknytta dei den gong fire fylkeskommunane sitt arbeid med ferjefri veg mellom Trondheim og Kristiansand.

Sidan fjordkryssingane var innafor grensene til det dei 4 fylka såg ein seg tjent med eit politisk samarbeid om å få realisert prosjekta.

Status for fjordkryssingane slik det er opplista på Statens vegvesen sine heimesider (Sist oppdatert: 10. mai 2024):

Per i dag er ca. 10 prosent av de planlagte arbeidene i en utbedret og ferjefri E39 gjennomført. Dette er i hovedsak arbeid knyttet til strekninger mellom fjordkryssingene.

For fjordkryssingene er status som følger:

- **Rogfast** (kryssing av Boknafjorden): Anleggsarbeid med Rogfast, som er det første fjordkryssingsprosjektet som gjennomføres, ble vedtatt i NTP 2018-2029, og påbegynt i 2018. Første spadetak på Kvitsøykontrakten ble foretatt 22. september 2021.

- **Bømlafjorden:** det pågår konseptvalgutredning (KVU) for kryssing av Bømlafjorden.
- **Hordfast** (kryssing av Bjørnafjorden og Langenuen): det pågår reguleringsplanarbeid på strekningen Stord-Os. Det pågår teknisk utredningsarbeid for bruene over Bjørnafjorden og Langenuen.
- **Byrkjelo-Grodås** (kryssing av Nordfjorden): kommunedelplan er vedtatt. Vi utfører arbeid med vindmålinger.
- **Ålesund-Molde:** det er ferdig vedtatt reguleringsplan for kryssing av Romsdalsfjorden og Julsundet. Det pågår prosjektering av bru over Julsundet.
- **Sulafjorden og Halsafjorden:** Det pågår teknisk utredningsarbeid for alternative brukonsepter.

Vurdering

Etter at fleire av prosjekta ikkje har fått prioritering i Nasjonal transportplan (NTP) 2025–2036 er det eit betimeleg spørsmål om dette igjen er ei sak Vestlandsrådet skal engasjere seg i.

Leiar av Vestlandsrådet har frå fleire vorte oppmoda om at Vestlandsrådet må reengasjere seg i arbeidet, dette ikkje minst frå dei ulike selskapa knytt til fjordkryssingane. Han har og sagt seg villeg til å leia ei arbeidsgruppe og har lufta ideen om ein større konferanse der Vestlandsrådet er arrangør og andre interessentar kan bidra.

Ei revitalisering og auka innsats frå Vestlandsrådet er innanfor strategien til rådet, og også i samsvar med dei satsingar rådets medlemmer flagga under workshop'ein i Ålesund 10.01.2024.

Det hadde nok vore ei styrke om Vestlandsrådet kunne samle seg om ei prioritering når det gjeld gjennomføring av prosjekta.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør